

Elvira strålte 3



Løpsklassikar gjenoppstod 8-9



Øver for full musikk 16

LAUSSAL KR. 25,-
TYSDAG
Grenda
26. april 2016
Nr 46 • 66. årgang




# 230 i arbeid hos Halsnøy Dokk



**Dagleg leiar Frode Grønstøl har mykje å halda styr på i desse dagar. To supplyskip, ein lekter og full industrihall syt for at ordrebøkene til Halsnøy Dokk er fullare enn på lang tid. Saman med Fjellstrand sine folk, som jobbar på «Vestland Cygnus», er det no 230 arbeidarar innanfor portane i Høylandsbygd.**

5

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461



**Annonser** til grendemellom sender du på e-post: annonse@grenda.no eller Grenda, Pb 100, 5486 Rosendal.

**Jubilantar:** Dersom du fyller år og ikkje ynskjer namnet ditt presentert i avisa, ring Grenda, tlf. 53 48 71 00 eller send e-post: annonse@grenda.no.

**Flo og fjære**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tysdag 26. april** | | | | | |
| Flo | kl. | 2.03 | og | 14.22 | |
| Fjære | kl. | 8.06 | og | 20.20 | |
| **Onsdag 27. april** | | | | | |
| Flo | kl. | 2.37 | og | 15.00 | |
| Fjære | kl. | 8.44 | og | 20.59 | |
| **Torsdag 28. april** | | | | | |
| Flo | kl. | 3.16 | og | 15.44 | |
| Fjære | kl. | 9.31 | og | 21.49 | |

## Dødsfall

†

Mi kjære kone, vår glade mor, mormor og svigermor

### Kari Emilie Medhus

*f. Kobro, 9. mai 1940*

forlet oss brått
23. april 2016.

**Halvor**

**Sigrid Elisabet**
**Reidunn Agathe og Steinar**
**Bjarnar**
**Mikael**

**Øvrig familie**

*Ho elska livet på jorda*
*og gleda seg til himmelen.*

Bisetjing i Husnes kyrkje fredag 29. april kl 13.00. Ved utgangen kollekt til Det Norske Misjonsselskap, heller enn blomar til heimen. Alle er velkomne til samling og eit måltid i Husnes bedehus etterpå.

†

Mi inderlig kjære kone og beste venn, verdens beste mamma og svigermor, vår gode og omsorgsfulle bestemor, mormor og oldemor søster, svigerinne og tante

### (Liv) Gudveig Aarbakke Seberg

*født 22.11.1937*

døde fra oss Haukeland sykehus/Dimmelsvik
15. april 2016.

*Jeg tørker tårer ved kisten din.*
*Du er ikke der, men i sjelen min.*
*Du lever fortsatt i solens skinn,*
*i snøens glitter, i våre sinn.*

**Sverre**

**Ann Karin – Chief (død)**
**Hilde**
**Sølvi – Hans**
**Heine**

**Nina, Morten, Alette, Lea, Gina, Levi og Ludvig**
(barnebarn)

**Mathias**
(oldebarn)

**Øvrig familie**

Etter avdødes ønske er bisettelsen funnet sted i stillhet.

†

Min kjæreste og kone i 53 år, vår kloke og hjelpsomme mor og svigermor, høyt elsket farmor, søster, svigerinne og tante

### Berit Lagergren Solvik-Olsen

*f. 10.09.1943*

døde fredfullt fra oss etter nær ett års sykdom, Bryne 23. april 2016.

**Aksel**

**Dag Widar**
**Ketil – Tone**

**Malena, Daniel**
(barnebarn)

Begravelse fra Time kyrkje fredag 29. april kl. 13.00. Vennligst ikke send blomster hjem.

## Jubilantar

TYSDAG 26. APRIL

**70 år** Hopland, Kari
Sæbøvik

**60 år** Ljostveit, Øystein
Ølve
*Jubilanten er bortreist på dagen.*

**40 år** Grov, Odd-Magne
Husnes

Øvsthus, Margunn Mæle
Varaldsøy

ONSDAG 27. APRIL

**75 år** Kjerpeseth, Dagrun Kristine
Sunde

**70 år** Eik, Roald Håkon
Uskedalen

Ådland, Anders
Herøysundet

**40 år** Haugland, Trude Siv
Uskedalen

## Grenda

### – 50 år sidan –

#### Jonas Lie-steinen i Husnes skal flyttast

Som kjent står det ein minnestein over forfataren Jonas Lie og kona i den delvise heimbygda hans på Husnes. Denne steinen, som står ved den tidlegare hovudvegen, kjem no innunder fabrikkområdet og utanfor alfarveg. Etter det vi høyrer skal Husnes ungdomslag ha planar om å få steinen flytta til ein meir synbar stad i nærleiken av der Husnes sentrum skal verte ved den nye fylkesvegen.

### – 35 år sidan –

#### Loppemarknad for samfunnshuset

På loppemarknaden som 5. klasse ved Malmanger skule nyleg hadde til inntekt for oppattbygginga av samfunnshuset, kom det inn ikkje mindre enn 1177,90 kroner. Eit framifrå resultat som det stod 24 femteklassingar bak.

### – 15 år sidan –

#### Brann mot Viking på Rosendal stadion

Kampen om Vestlandet, og kanskje litt til. Det har i alle år vore ein av dei store klassikarane i Eliteserien. Brann mot Viking. Bergen mot Stavanger. Raudt mot blått. Og ikkje minst eit oppgjer mellom to av dei mest markante klubbane i Noreg i historisk samanheng. Og måndag 16. juli brakar dei i hop på Rosendal stadion.

## Plassering og tilførselsveg står att

**Styringsgruppa jobbar i desse dagar på spreng for å bli ferdig med forprosjektet til ny idrettshall på Husnes innan mai.**

Seinast torsdag var dei samla for å planleggja vegen vidare.

– Vi er i rute i forhold til det vi har sagt, men vi må ha ein diskusjon rundt plasseringa av hallen og korleis vi skal gjera med tilførselsveg og kostnadane rundt det. Det vi veit heilt sikkert er at hallen skal liggja nærast mogleg barne- og ungdomsskulen, seier ordførar Peder Sjo Slettebø.

Marius Tveit Nissestad
marius@grenda.no

## Søkjer etter ny kulturskulerektor

Hans Widerøe frå Hjelmeland vart tilsett som ny kulturskulerektor i Kvinnherad, og skulle eigentleg byrja i jobben denne våren, men så kom det kontrabeskjed om at han ikkje tok jobben likevel. Avtroppande rektor Rolf Lothe steppa inn, og blir i jobben til sommaren for å få elevopptaket til å gå smertefritt.

– Stillinga er lyst ut på nytt, med frist 15. mai. Ny kulturskulerektor byrjar tidlegast 1. august, opplyser Lothe.

## I vande for syklar og regnklede

**Husnes mottakssenter er i desse dagar på jakt etter syklar, regnklede og paraplyar til dei av asylsøkjarane deira som har behov for det.**

I skrivande stund har Hero Husnes busett 108 asylsøkjarar rundt om i Kvinnherad. Dei er alle mellom 0 og 64 år, og 19 av dei er barn. I regelverket til UDI heiter det at berre dei asylsøkjarane som bur meir enn seks kilometer frå skule har rett på busskort. Og når mottakssenteret på Husnes har fleire familiar busette både på Sunde og Raudstein, er det mange som har ein lang gangveg til både skule og butikk.

– Vi har lyst å tilby syklar til dei bebuarane som har behov for det. Mange av dei har ein lang veg til skulen, og vi merkar at fråveret aukar på dagar med til dømes hagl eller ekstremt regnvêr. Så om det er nokon som anten har regnklede, paraplyar eller syklar som dei vil bli kvitt, er vi på mottakssenteret meir enn glade for å ta i mot, seier informasjonskonsulent ved Hero Husnes Ingvild Sjo.

Marius Tveit Nissestad
marius@grenda.no

**Grenda**
LOKALE NYHENDE
tysdag, torsdag, laurdag

**Tlf: 53 48 71 00**
E-post: post@grenda.no
annonse@grenda.no
Adresse: Boks 100, 5486 Rosendal
Org. nr.: NO 981 390 350 MVA


REDAKTØR:
Håvard Sætrevik
Tlf.: 907 85 457
haavard@grenda.no


JOURNALIST:
Morten Nygård
Tlf.: 971 13 075
morten@grenda.no


JOURNALIST:
Mari Mehl
Tlf.: 959 67 794
mari@grenda.no


JOURNALIST:
Marius Tveit Nissestad
Tlf.: 480 01 295
marius@grenda.no


DAGLEG LEIAR/ ANNONSESJEF:
Jarle Hävik
Tlf.: 412 39 468
jarle@grenda.no


TEKNISK:
Gunn-Bente Stølen
Tlf.: 480 52 378
gunn@grenda.no


ANNONSER/ ABONNEMENT:
Margit Omvik
Tlf.: 53 48 71 00
margit@grenda.no


ANNONSER:
Maylin Kristiansen
Tlf.: 992 40 611
maylin@grenda.no

Pressens faglige utvalg PFU
Grenda arbeider etter reglane for god presseskikk, nedfelt i Ver Varsam plakaten. Dei som føler seg råka av urettvis omtale vert oppmoda om å ta kontakt med redaktøren - tlf. 53 48 71 00. Pressens Faglige Utvalg er eit klageorgan oppnemnd av Norsk presseforbund, som handsamar klagar mot pressa i presseetiske spørsmål. Adr: Prinsens gt 1. Pb. 46 Sentrum, 0101 Oslo

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461





Elvira Nikolaisen gav ein solid konsert då ho sette seg til med flygelet.

# Elvira imponerte, til liks med musikklaget

**Det er vanskeleg å seia kven som imponerte mest under konserten på laurdag. Men Rosendal Musikklag funkla like sterkt som stjerna Elvira Nikolaisen.**

Rosendal Musikklag opna friskt med «Amazonian rainforest», før kveldens trekkplaster vart klappa inn for å syngja «Love I can't defend», med tonestøtte frå musikklaget. Konserten i Rosendal Samfunnshus denne laurdagen var todelt. I første økt fekk arrangøren sjølv lov til å skina seg gjennom tolv nummer, der fire av dei var i vakkert samspel med Nikolaisen.

## Solistar

Nikolaisen trollbatt publikum med både «En deilig rosa», hiten «Egypt Song» og klassikaren og tema for kvelden i «Feeling Good».

Undervegs krydra musikklaget konserten med latinske tonar, rock, pop og glansnummer frå musikalar. Eit knippe solistar fekk skina i rampelyset, mellom anna Tobias Lamberg Torjusen, som i russedress bles seg og trombonen inn i hjarterøtene til publikum med «Over the rainbow». Møyfrid Guddal (kornett) og Eirik Skåla (tuba) flørta vilt under strandpromenaden i «Under the boardwalk», medan esskornetten til Nick Huges krydra nummer etter nummer med solistiske innslag.

## Leverte varene

Etter første økt vart scenen rydda, flygelet trilla fram og Elvira Nikolaisen inntok scenen igjen, då i lag med korist og gitarist. Trioen leverte varene med både innleving og profesjonalitet.

Ho veksla mellom å presentera nye låtar, eigne hitar og gjorde coverversjonar av klassikarar. «Needle and the damage done» av Neil Young vart gjort på strålande vis, det same vart repetisjonen av «Egypt Song», som kom i ein heilt anna versjon enn den som ho fram i første avdelinga.

Elvira Nikolaisen har ei karakteristisk, hås stemme, som kler godt jazzterrenget ho har utforska dei siste åra. Og som songar og låtskrivar er ho alltid verd å lytta til, samtidig som ho var ein god match for Rosendal Musikklag.

Om det var noko å trekkja for denne dagen, så vart det at tightsen til koristen hadde hol på kneet. Med andre ord, ein var ein bagatell unna perfeksjon.

Håvard Sætrevik
haavard@grenda.no



Rosendal Musikklag inviterte til konsert med Elvira Nikolaisen. I lag gav dei ein strålande konsert.

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461



# Får heiltidsbarnehage på Varaldsøy

**Varaldsøy barnehage går frå hausten av tilbake til å bli ein ordinær barnehage, og med omdisponerte midlar frå Fjelberg kan dei igjen tilby heiltidsbarnehage på øya.**

Når det hausten 2015 vart klart at det var tre barnehagebarn på Varaldsøy, var det ikkje lenger forsvarleg å levera alle på Hatlestrand. Barnehagen vart då omgjort til ein familiebarnege, som ved hjelp av éin tilsett kunne husa alle tre barna.

I følgje lovverket kan ein familiebarnehage ha inntil fem barn, om alle er over tre år. Alle barn under tre år vert rekna som to. Ettersom to av barna på Varaldsøy er under tre år, var det ein familie som ikkje fekk plass dette året. Men for at alle barnehagebarn på Varaldsøy skal få plass, har Rådmannen endra drifta frå familiebarnehage til ordinær barnehage.

– Per i dag har det vore ein familiebarnehage på Varaldsøy, noko som har gjort at ein ikkje har hatt moglegheita til å ta til seg alle tilflyttarane. Sidan det til hausten ikkje skal vera barnehagedrift på Fjelberg frigjer det midlar til Varaldsøy. Difor kan ein frå august av igjen tilby heiltidsbarnehage på Varaldsøy, noko som er veldig gledeleg, seier rådgjevar for barnehagane i Kvinnherad kommune Astri Måkestad.

Marius Tveit Nissestad
marius@grenda.no

## Eigedoms-overdragingar

Bjørkhaugvegen 4 (Gnr 146, bnr 71) er overdrege for kr 2.300.000 frå Mona Møen Mehl og Jan Ove Prestnes til Katarzyna Nowakowska-Pikora (16.03.2016)

Gnr 90, bnr 21 er overdrege for kr 185.000 frå Marta Elise Ness til Endre Fossheim (16.03.2016)

Gnr 202, bnr 127 er overdrege frå Edvard Sverre Eide til Ernst Ove Eide, Geir Inge Eide, Georg Ivar Eide og Vegard Eide (17.03.2016)
Overdraginga omfattar også Gnr 202, bnr 149
Overdraginga omfattar også Gnr 202, bnr 150

Gnr 202, bnr 127 er overdrege for kr 250.000 frå Ernst Ove Eide, Geir Inge Eide, Georg Ivar Eide og Vegard Eide til Aud Evelyn Eide (17.03.2016)

Gnr 202, bnr 150 er overdrege for kr 8.225 frå Ernst Ove Eide, Geir Inge Eide, Georg Ivar Eide og Vegard Eide til Gerhard Eide (17.03.2016)

Pilavegen 11 B (Gnr 137, bnr 70, seksjon 2) er overdrege for kr 2.100.000 frå Fagerli Eigedom as til Kvinnherad kommune (17.03.2016)

Pilavegen 11 A (Gnr 137, bnr 70, seksjon 1) er overdrege for kr 2.100.000 frå Jonas Johan Gunnberg og Maria Gunnberg til Kvinnherad kommune (17.03.2016)

Del av Sjøvegen 72 A (Gnr 136, bnr 3) er overdrege frå Inge Hagenes til Marius Marcin Meidell (23.03.2016)
Overdraginga omfattar også del av Gnr 136, bnr 17

Jonavegen 14 (Gnr 153, bnr 80) er overdrege frå Rune Olderkjær til Eli Martha Blokhus Olderkjær (30.03.2016)

*Kjelde: Statens kartverk*

# Stiller krav til ferjene

**Nyleg var ordførar og rådmann i møte med representantar for Skyss. Hovudtema var dei nye ferjeanboda som no er lyste ut. Saka vert tema i kommunestyret på torsdag.**



Det spørst om MF «Hordaland» og MF «Stallovarre» vert å sjå i Kvinnherad-fjordane når det nye ferjeanbodet trår i kraft. (Arkivfoto).

Dei nye kontraktane skal signerast i februar neste år, og skal gjelda frå 2020. Det er det fylkeskommunale selskapet Skyss som står bak anboda, men også Kvinnherad kommune har engasjert seg sterkt i saka.

– Anbodsgrunnlag for ferjedrift er komplekst materiale, og ordførar har difor henta inn ekstern bistand for å få vurdert innhald i og konsekvensar av det anbodsgrunnlaget som no ligg ute. Dette gav ei rekke nyttige opplysningar, skriv ordførar Peder Sjo Slettebø i ei orientering til kommunestyret.

### Nyare materiell

Han tykkjer det er naudsynt å tydeleggjera at det er behov for betring av ferjesituasjonen fram til nye kontraktar vert gjeldande, noko som vart teke opp med Skyss.

– Slik ordførar vurderer det er det von om at dei nye kontraktane vil medføra at det må tilførast nyare materiell på dei fleste sambanda. Mellom anna er det krav til framdriftssystem på fleire samband som tilseier nyare materiell. Det er også krav til universell utforming, og det er krav om at hengedekk ikkje kan nyttast på nokon av sambanda. Det er også lagt opp til å gå frå såkalla nettokontraktar til bruttokontraktar, det vil seia at oppdragsgjevar Skyss har ansvar for inntektene. I dag er det operatør som har ansvar for dette. Vonleg vil denne endringa medføra meir føreseielege vilkår for operatørane, noko som bør resultera i auka stabilitet, analyserer Slettebø.

Eit minus er at det ikkje er stilt krav om servering om bord.

– Dette er beklageleg, men vonleg vil den private marknaden syta for slike tilbod der operatør eventuelt ikkje etablerer det sjølv, satsar ordføraren på.

### Kortare responstid

Andre punkt ein diskuterte med Skyss var til dømes:

• Krav til framdriftssystem også på sambandet Ranavik-Skjersholmane for å sikra stabilitet og fornying.

• Kortare responstid enn 12 timar for å få på plass reserveferje.

– Sanksjonsregimet vert strengare med dei nye kontraktane, men det er likevel vanskeleg å akseptera så lang responstid der ein ikkje har alternative omkøyringsvegar, seier Slettebø.

• Tilliten til operatøren heng saman med tilliten til Skyss. Ein bad difor om at det vert vurdert dialog mellom alle tre partar for å oppnå eit betre ferjetilbod også innanfor noverande kontraktperiode.

– Kvinnherad kommune vil i tida frametter etablera ein tettare og kontinuerleg dialog med Skyss og arbeida meir med innspel frå kommunen si side, avsluttar Peder Sjo Slettebø.

Morten Nygård
morten@grenda.no

# Rosendal fjordhotel driv som normalt

**Sjølv om Rosendal Fjordhotel er blant hotella som er teke ut i streik, går kvardagen som normalt i Malmangervika.**

– Det er ikkje alle tilsette som er medlemmer, så vi driver heldigvis som normalt her hos oss og gjestene merkar ingenting til det, seier dagleg leiar ved Rosendal Fjordhotel Arne Havnerås.

Etter at NHO Reiseliv og Fellesforbundet ikkje klarte å koma til einigheit om ein ny riksavtale for sine medlemmer i reiselivsbransjen, gjekk om lag 3.500 fagorganiserte frå 363 hotell, restaurantar og kantiner ut i streik måndag morgon.

Elleve timar over meklingsfristen gav partane opp forhandlingane rundt løns- og arbeidsvilkåra søndag morgon og streiken var eit faktum. Eit tiltak Havnerås meiner burde vore utdatert i 2016.

– Det er trist at ein i 2016 framleis skal måtta gå ut i streik i forhandlingar. Det burde vore mogleg å kommunisera på ein betre måte enn som så, men vi får håpa dei snart finn ei løysing på problemet, seier Arne Havnerås.

Marius Tveit Nissestad
marius@grenda.no

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461





Frode Grønstøl (t.v.), dagleg leiar hjå Halsnøy dokk, og Sveinung Vestbø, prosjektleiar hjå Fjellstrand, kan konstatera at det er travelt på verftsområdet i Høylandsbygd. Mykje av merksemda vert retta mot «Vestland Cygnus», som no ligg i dokka.

# Bedrift i medvind

**Medan mange industribedrifter opplever trongetider og har måtta redusera bemanninga, er stoda heilt annleis hjå Halsnøy Dokk AS. Grunna fulle ordrebøker ynskjer dei no å tilsetja fleire.**

Halsnøy Dokk AS i Høylandsbygd rår over så mykje som 54.000 kvadratmeter industriareal. Men det trengst òg, for i vekene framover har kring 230 personar arbeidet sitt på området. Av desse er 24 selskapet sine fast tilsette, medan vel 70 er innleigde – mange av dei frå S-Service, Herøysund-bedrifta Slangeservice sitt dotterselskap. I tillegg har verftet Fjellstrand 130 av sine folk der for å jobba med supplyskipet «Vestland Cygnus».

– Det har vore litt av ein kabal å skaffa overnatting. Men vi har greidd å finna hus, hytter og leilegheiter til alle saman, smiler dagleg leiar Frode Grønstøl.

Han er sjølvsagt glad for den store aktiviteten.

– Vi hadde eit litt traurig år i fjor, spesielt om våren var det for mange hol i ordreboka. Men sidan hausten har det vore travelt, seier Grønstøl.

## Store svingingar

Dei gode tidene medfører at selskapet gjer noko mange andre bedrifter berre kan drøyma om, dei lyser etter folk.

– Vi satsar i stor grad på innleige av folk. Det er så store svingingar i denne bransjen at det nesten er umogleg å overleva viss ein har for mange fast tilsette. Men vi har nok vore heilt på botn av kor mange faste vi bør ha, og søkjer derfor etter to-tre personar til, opplyser den daglege leiaren. Både mekanikarar, platearbeidarar og sveisarar er aktuelle for tilsetjing. Responsen har vore god, mellom anna er det ein del Nordsjøarbeidarar som ser seg om etter jobb på land.

Status i desse dagar er at det er fullt både i dokka og ved kaiane. Eit supplyskip, som har vore inne for måling og anna stell, vart «dokka ut» på fredag. Fartyet vert liggjande ved kai ut veka. På laurdag vart så eit nytt skip tek inn i dokka. «Vestland Cygnus» vart levert frå Fjellstrand i Oma i april i fjor, men grunna at marknaden for supplyskip har tørka inn, skal det no byggjast om til ein vindmølleservicebåt. Planen er at skipet vil gå ut igjen 21. mai.

## Apply og Hydro

Utanom desse to skipa, syslar selskapet med å utrusta ein lekter som skal nyttast til avlusing av oppdrettslaks. Dei har også utført liknande prosjekt tidlegare. I tillegg er det fullt i den store industrihallen. Der vert det produsert bumparar for Apply Leirvik sin bustadmodul. Det må òg nemnast at Halsnøy Dokk og dotterselskapet SPL reingjer omnspanner for Hydro Husnes.

Ofte har Halsnøy Dokk ein tidshorisont på berre to-tre veker i ordrebøkene. Men no kan leiinga slå fast at det er fullt opp å gjera til midten av juni.

– Dei siste to-tre månadane har det vore ein veldig etterspurnad etter dokkplass. Mange reiarlag som har ringt har vi måtta takka nei til, seier Frode Grønstøl.

> **– Dei siste to-tre månadane har det vore ein veldig etterspurnad etter dokkplass.**
>
> *Dagleg leiar Frode Grønstøl i Halsnøy Dokk AS*

Morten Nygård
morten@grenda.no

# – Ei stor ombygging

**Søsterselskapa Halsnøy Dokk og Fjellstrand nyt godt av å vera i same konsern.**

Mesteparten av ombygginga av «Vestland Cygnus» skjer på Oma. Der har ein allereie montert ein ny bustadseksjon med plass til 112 personar. Seinare skal det òg monterast ein 100 tonns gigantkran med 40 meters rekkevidde om bord. Men det er også behov er ein tur i dokk på Halsnøy.

– No skal skipet vera fire veker her, før det skal attende til Oma. Overlevering til reiarlaget skal skje 10. juni, fortel Sveinung Vestbø, prosjektleiar for Fjellstrand.

Fjellstrand og Halsnøy Dokk har same eigar, og er såleis søsterselskap. Vestbø er glad for samarbeidet.

– Ja, det er viktig for oss å ha tilgang til dokk her. Dessutan er det flinke folk her ute, rosar han.

– Vi utfyller kvarandre godt, legg Frode Grønstøl til.

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461



DI MEININ G

til post@grenda.no eller Grenda, pb 100, 5486 Rosendal

# Nei Pedersen, det er ikke som du vil ha folk til å tro

På vegne av styret i Hardangerfjord Villfisklag kommer Leder Sven-Helge Pedersen i et leserinnlegg med en del påstander som Norske Sjømatbedrifters Landsforening (NSL) ikke kan la stå uimotsagt. NSL er en landsdekkende organisasjon for sjømatbedrifter, og vår hovedoppgave er selvfølgelig å ta vare på våre medlemmer i perspektiver som utvikling, sikring av arbeidsplasser og lønnsomhet. NSL organiserer de familieeide ikke børsnoterte bedriftene, og i så måte har vi et sterkt engasjement for lokalsamfunnene langs kysten og inne i fjordene, dette i erkjennelsen av at medlemmene våre er avhengige av å bo i levende og velfungerende lokalsamfunn for å kunne drive sin virksomhet på best mulig måte.

Som alle andre medlemsorganisasjoner setter vi oss nøye inn i grunnlaget for forvaltningen av den næringa vi er en del av. I denne forbindelse har vi stilt en del spørsmål rundt forskningen som har foregått i Hardangerfjorden generelt, og Guddalselva spesielt. Årsaken til det er at denne forskningen etter vår mening har hatt stor betydning for reguleringen av havbruksnæringa, ikke bare i Hardangerfjorden, men også i landet som helhet. Som en medlemsorganisasjon har dermed NSL legitimitet for å stille disse spørsmålene.

Svarene vi har fått fra Havforskningsinstituttet har ikke vært egnet til å berolige verken Fiskeridepartementet eller oss, og Fiskeriministeren har derfor bestemt at forskningen skal granskes. At Hardangerfjord Villfisklag og Pedersen mener denne avgjørelsen undergraver både samfunnsutviklingen, kunnskapsproduksjonen og vilkårene for bedre innsikt er underlig, spesielt om konklusjonene i forskningen er feil, og at dette også har forhindret en god forvaltning av villfisken.

NSL har alltid vært klare på at forvaltningsgrunnlaget for reguleringen av næringa har vært dårlig fundamentert i fakta. Dette får vi nå støtte for. Selv Havforskningsinstituttet innrømte i forrige uke at de vet for lite. Når Pedersen hevder at vi har angrepet forskningen som ligger til grunn for forvaltningen for å få lette eller fjerne produksjonsbegrensningene, så er dette feil. Det er ingen oppdrettere som ønsker å produsere laks og ørret på bekostning av villfisken, og selv om forskningsgrunnlaget er vaklende, så betyr ikke dette at arbeidet med å forebygge rømming og lus skal stanses. «Føre var-prinsippet» vil alltid gjelde så lenge kunnskapsgrunnlaget er så dårlig som det nå en gang er.

Pedersen har helt sikkert lagt merke til at NSL har foreslått å bevilge 30 millioner kroner årlig til lokale tiltak for laks og sjøørret, nettopp for å motvirke eventuelle skader som måtte oppstå i et tilfelle der politikerne grunnet den høye arbeidsledigheten bestemmer seg for å realisere vekstambisjonene de har for næringa. Inkludert støtte fra Havbruksnæringa, så snakker vi her om mer enn en tidobling av dagens midler til lokale tiltak for å øke produksjonen av smolt i elvene. Altså, «Føre var-prinsippet» i praksis. NSL opplever sterk støtte i kommunene og blant elveeiere og ildsjeler for dette forslaget, men dessverre så langt ikke fra Hardangerfjord Villfisklag og Pedersen. Forslaget er ikke engang tema under årets seminar. Det er trist, for etter vår erfaring er ødeleggelsene av gyteområdene, spesielt for sjøørreten svært omfattende i Hardangerfjorden. I en slik kontekst er det legitimt å spørre hvem det er som i det minste forsøker å ta et ansvar for restitueringen av hjemmemiljøet- Havbruksnæringa eller Hardangerfjord Villfisklag?

**Frode Reppe**
Fagsjef kommunikasjon
og Næringspolitikk
Norske Sjømatbedrifters
Landsforening (NSL)

# Er Varaldsøy aldersheim i faresonen – igjen?

Rolf Lothe kastar bensin på bålet når han på Facebook måndag stiller spørsmål om aldersheimen på Varaldsøy bør bli lagt ned når det nye Rosendalstunet står ferdig, kanskje endåtil med kjøken om nokre år.

– Bør aldersheimen på Varaldsøy bli lagt ned i same slengen, eller trur du den nye rådmannen finn pengar til den òg? skriv Lothe i teksten til to bilete frå anleggsarbeidet i Rosendal.

Eg mistenkjer han for å vilja provosera fram ein diskusjon om saka, og vel å tru at det ikkje er så alvorleg meint, som det kan oppfattast. Men likevel, kvifor i all verda kjem spørsmålet om Varaldsøy opp no igjen? Er ikkje den diskusjonen lagt død i mange år framover?

Slik eg oppfattar den nye politiske leiinga i Kvinnherad, handlar eldreomsorga i kommunen i dag ikkje så mykje om pengar som i førre periode. Så godt som alle vil det beste for dei eldre, ser det ut til, og sparehysteriet har avteke. Mange politikarar vil også ha kjøken på kvar institusjon, endåtil i Rosendal, der det er snakk om mange millionar kroner ekstra for å få det til. Det syns eg er bra, for no må vel både byråkratar og politikarar ha lært at kortreist mat er det beste for dei som bur på institusjonane. Men det må ikkje gå ut over dei små institusjonane som Ølve og Varaldsøy. Eg har vore fleire gonger på begge plassane i det siste, og har etter kvart fått stor sans for slike små einingar framfor større institusjonar.

Nei, la oss slutta å snakka om å leggja ned dei veldrivne og små eldreheimane i utkantane, ein gong for alle!

**Kristian Hus**

# Årsmøtereferat Kvinnherad sogelag

Kvinnherad sogelag hadde årsmøte i Holmedal bedehus på Utåker laurdag 23. april.

Medlemar frå heile kommunen, godt og vel 50 i talet, hadde funne vegen til Holmedal bedehus. Der var det fint pynta med påskeliljer og nyutsprungen bjørk, i eit lyst og triveleg lokale.

Leiaren i sogelaget, Anny Nygaard Mehl, loste oss gjennom årsmøtesakene, som gjekk raskt unna.

Årsmelding og rekneskap vart godkjende utan merknader, og heile styret med varafolk tok attval.

Anny Nygaard Mehl held fram som leiar, med seg i styret har ho Dagfinn Eide, Cort Holtermann, Rita Martens Meyer, Eva Vikane Eide, Audun Eik og Kari Fedt Haugsbakk. Varafolk er Lars Børge Sæberg, Trond Ramsøy og Kristen Thore Christensen.

Laget er i framgang, og tel no 233 medlemar, ein netto auke på 28 medlemar siste året. Utgjeving av årboka Kvinnhersminne er hovudaktiviteten til styret. «Førstereis», var tittel på siste årboka, som har selt svært godt. Førsteopplaget på 500 eksemplar rauk ut med ein gong, og det vart trykt eit ekstra opplag på 100 bøker, som det no minkar svært på. Lars Jostein Rørvik har vore skriftstyrar.

Lokalhistorikar Tor Bringedal var invitert til årsmøtet. Tittelen på foredraget hans var «Galleriglyttar og andre kjelder til lokalhistorie». Bringedal er ein dyktig formidlar, han orienterte om kjeldebruk i lokalhistorie; ymse offentlege arkiv, digitalarkivet, og aviser.

Lokalavisa Grenda har t.d. vore ei viktig kjelde for Bringedal. Grendamannen var fast gjest på heradstyremøta, han hadde utførlege referat, og galleriglyttane hans baud på mange gullkorn.

Matøkt var neste punkt på programmet, og med nykokt kaffi, gode smørbrød og heimelaga kaker, så gjekk drøsen livleg.

Einar Gjertsen fekk så ordet. Han er med i Krigshistorisk gruppe, ei undergruppe av sogelaget. Han samlar på bilete av gamle bilar i Kvinnherad, og har bygt opp ei samling på vel 500 bilete. Han er særleg interessert i bilete av lastebilar påmontert krigsutstyr, som var brukt i kampane her lokalt. Om nokon har slike bilete liggjande, ta gjerne kontakt med Gjertsen.

Sverre Vevelstad har vore lærar på Holmedal skule, og har ansvar for skulemuseumssamlinga der.

Han orienterte om den rikhaldige samlinga, som er lokalisert i kjellaren på skulen.

Årsmøtelyden flytta seg så til Holmedal kyrkje. der Oddvin Heimvik tok mot oss. Han fortalde om kyrkja, og kom særleg inn på fire gamle kulturskattar dei har der; kyrkjeklokkene, døypefonten, alterskapet og ein gammal bibel frå 1589.


Tor Bringedal vert takk med blomar frå Anny Nygaard Mehl.

Bibelen er godt teken vare på, og vert berre vist fram i spesielle høve, dette var visst tredje gongen.

Leif Inge Heimvik gav oss til sist ei høgtidsstund då han avlutta i kyrkja med vakker song.

Tusen takk til alle som var med og gjorde dette til nok eit triveleg årsmøte!

**ref.: Kari Fedt Haugsbakk**

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461






Lina Storegjerde har norskopplæringa som eit prosjekt i vidareutdanninga ved Høgskulen i Bergen.

# Lærer praktisk norsk på To kryss

**Kvar måndag møter ein gjeng eritreiske og ein somalisk flyktning på To kryss i Rosendal for å læra praktisk norsk.**

Lærarane Eva Attramadal og Lina Storegjerde held ein skuletime for dei, før dei flittige elevane utfører praktiske oppgåver i huset.

– I dag prøver vi oss også med litt praktisk undervising der dei må gå rundt i rommet for å lesa ord dei skal hugsa til dei er tilbake ved pulten. Å røra på seg og gjera ting, aukar læringseffekten, meiner Line.

Ho har norskopplæringa som eit prosjekt i vidareutdanninga ho tek ved Høgskulen i Bergen. Målet er å prøva ut teoriane og visa at dei fungerer i praktisk læring.

## Tospråkleg

Ved bordet i undervisingsrommet sit blant andre Mowlid frå Somalia. Han har berre to års skulegang frå heimlandet, men er ein ivrig norskstudent. No bur han i Uskedalen, og følgjer med på Uskedalen. no for å læra seg norsk og for å følgja med på det som skjer i den nye heimbygda. Desbele frå Eritrea har sju års skulegang frå det gamle heimlandet. Der gjekk han i ein klasse med femti elevar. Undervisinga var ganske streng.

– Vi sat ved pultane og gjentok det læraren sa. Alle las høgt i kor, fortel han.

Desbele er tospråkleg, og snakkar språka Tgrinya og Bilen. Dei andre norskelevane snakkar Tgrinya, som er det vanlegaste av dei ni språka i landet. Både Eritrea og Somalia er tidlegare italienske koloniar, noko som gjer at visse ord har europeisk opphav. Lærar Line tek opp ein pose med frukt og grønsaker, og dei norske orda kjem som perler på ei snor. Dette kan dei.

## Streikerett

Etterpå får dei ei meir avansert introduksjon til norsk ytringsfridom og streikerett.

– Det var litt verre å forstå, vedgår Birhane som flytta frå Førde til Seim for fire månader sidan.

Etter ein intensiv norsktime er det på tide med musikk. Gjengen er ikkje verre på det enn at dei stiller med eige innslag på songkafeen på Løfallstrand i morgon. Dei lovar at det blir songar både på Tgrinya og norsk den kvelden.

Mari Mehl
mari@grenda.no



Norskopplærar Eva Attramadal sjekkar at Desbele har stava orda rett.



Felmon, Awaf, Desbele, Mowlid, Birhane, Awet, Yordanos og Solomon øver til innslaget på songkafeen onsdag kveld.

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461






Emmie Musland var lynraskt ut frå start då dei yngste tok seg gjennom løypa.




Det var trongt om plassen då 10 til 12-åringane starta løpet.

# Smikkfullt på




Sindre Solbakken Omvik var raskast gjennom dei 2500 som seniorane sprang i comebacket til Baroniløpet, som er ein del av terrengløpskrausellen.

## 0-7 ÅR BORN UTAN TID

| | |
|---|---|
| Kristian Eik | Rosendal TL |
| Henrik Falk | Omvikdalen IL |
| Sondre Mehl | Omvikdalen IL |
| Nils Aggvin | Varaldsøy |
| Lars Aggvin | Varaldsøy |
| Morten Sundal | Omvikdalen IL |
| Håvard Sunde | IL Trio |
| Henrik Dahle | Rosendal TL |
| Mathias Myklebust | Uskedal IL |
| Leander Lønning | Omvikdalen IL |
| Åsmund Stavland | Gneist |
| Eirik Johan Eik Arnevik | Halsnøy IL |
| Sjur Aasgard | Herøysund IL |
| Sander Sæverud Jensen | IL Trio |
| John Skogtun Hegland | Matre IL |
| Emil Sundal | Omvikdalen IL |
| Jon Rangsæter Lyngnes | Omvikdalen IL |
| Morgan Musland-Massey | Rosendal TL |
| Håvard Myklebust | Uskedal IL |
| Heine Jensen | IL Trio |
| Åshild Kolle | Herøysund IL |
| Emmie Musland | Uskedal IL |
| Eline B. Jostveit | Herøysund IL |
| Maiken Mehl | Omvikdalen IL |
| Isa Marie Husby | Omvikdalen IL |
| Madelene S. Harsvik | Rosendal TL |
| Karoline V. Haugland | Rosendal TL |
| Tuva Lunde | Omvikdalen IL |
| Lina Sofie Dommarsnes | Rosendal TL |
| Hermine Dahle | Rosendal TL |
| Emily Hansen | Omvikdalen IL |
| Elene L. Haavik | Omvikdalen IL |
| Elvira Håvik Foric | Herøysund IL |
| Pernille Marie Syversen | Herøysund IL |
| Sofie Løland | Herøysund IL |
| Alida Hegland Kvernmo | Matre IL |
| Alida Omvik Hansen | Omvikdalen IL |
| Anna Leganger | Omvikdalen IL |
| Celine Apeland | Omvikdalen IL |
| Julie Sandvik Aaseth | Omvikdalen IL |
| Milla Apeland | Omvikdalen IL |
| Ingrid Opedal Hass | Rosendal TL |
| Jenny Musland-Massey | Rosendal TL |
| Maria Hestad | Rosendal TL |
| Tilde Leganger | Rosendal TL |
| Tiril Maurangsnes | Rosendal TL |
| Tuva Maurangsnes | Rosendal TL |
| Zofie Bilkova | Rosendal TL |
| Martine Myklebust | Uskedal IL |
| Nora Tungesvik | Uskedal IL |
| Martine Lønning | Omvikdalen IL |

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461





Adel Mesluh (60) og Semereab Beyene (61) debuterte i terrengløpsamangeng i kvinnherad, og tevla mellom anna mot Jonas Are Mehl.



Sindre Olmvik (32) og Terje Aggvin (63) tok tidleg kommandoen i løpet.

# Baroniløpet



**Det var historisk sus over det då 140 løparar stilte på startstreken til eit nytt Baroniløp.**

I si tid var Baroniløpet den første store massemønstringa for løparane på Vestlandet. Og etter over tjue års pause var løpet tilbake, no som ein del av terrengløpkarusellen i Kvinnherad.

Og det var mange som mimra om tidlegare løp då det aula med både løparar og publikum rundt Avlsgarden på sundag.

– Av dei 142 som stilte på startstreken var heile 60 av dei påmeldte i tida rett før startskotet. Nokre så seint som fem minutt før start, smiler Jostein Hatteberg i Rosendal Turnlag.

## Duell

I strålande sol var den fremste duellen mellom ringreven Terje Aggvin og ungdommen Sindre Solbakken Omvik. Det var eit tett oppgjer dei første 2100 metrane, men så sette ungguten inn eit gir som 42-åringen ikkje kunne hengja med på.

– I dag var Sindre mykje betre enn meg, men han må verta tøffare. Han kunne hekta meg av lenge før, sa Varaldsøy-bonden etter løpet.

Omvik sjølv var godt nøgd.

– Løypa var akkurat kort nok for meg. No har eg lyst å prøva å springa fort på bane også, på distansane frå 800 til 3000 meter, seier han.

## Startpistolsjokk

Av kuriosa denne løpsdagen, kan det nemnast at dette var første møtet med ein fullblods startpistol for mange av løparane. Etter sjokkgranatane Bjarne Kletta serverte, var det mange barn som tverrvende inn i fanget til mor, heller enn å jaga siger ut av startblokkene.

Men når sjokket gav seg, vart det ein imponerande fart på stikkene til dei fleste. Enten dei stilte utradisjonelt i rosa strutteskjørt eller i meir tradisjonelle løpegevantar. Fort gjekk det uansett.

Håvard Sætrevik
haavard@grenda.no

### RESULTATLISTE

| Namn | Kjønn | Idrettslag | Tid |
|---|---|---|---|
| **10 år** | | | |
| Jonas Naterstad | Gutar | Herøysund IL | 01:30 |
| Tage Berge | Gutar | IL Trio | 01:37 |
| Eskil Hegland Kvernmo | Gutar | Matre IL | 01:38 |
| Simen Gjuvsland Riise | Gutar | Omvikdalen IL | 01:38 |
| Marcus Myklebust | Gutar | Uskedal IL | 01:38 |
| Victor Fureseth | Gutar | Haugesund | 01:38 |
| Ingrid Klyve | Jenter | Uskedal IL | 01:33 |
| Siri Aasgard | Jenter | Herøysund IL | 01:38 |
| Amanda Støle | Jenter | Herøysund IL | 01:46 |
| Johanna Falk | Jenter | Omvikdalen IL | 01:57 |
| Kine Guddal | Jenter | Ingen | 01:59 |
| **11 år** | | | |
| Magnus Haugse | Gutar | Omvikdalen IL | 01:35 |
| Gunnar Hestad | Gutar | Rosendal TL | 01:38 |
| Håkon Myklebust Skjelnes | Gutar | Rosendal TL | 01:38 |
| Knut Syversen | Gutar | Herøysund IL | 01:58 |
| Ruth Marie Myklebust | Jenter | Uskedal IL | 01:36 |
| **12 år** | | | |
| Andreas Hansen | Gutar | Omvikdalen IL | 01:18 |
| Kristian Øvstebø | Gutar | Uskedal IL | 01:19 |
| Marius Gravdal | Gutar | IL Ternen | 01:21 |
| Jens Aasgard | Gutar | Herøysund IL | 01:24 |
| Torbjørn Haugland | Gutar | Uskedal IL | 01:33 |
| Solfinn Kolle | Gutar | Herøysund IL | 01:57 |
| Emma Myklebust Ripel | Jenter | Uskedal IL | 01:22 |
| Celine Musland | Jenter | Uskedal IL | 01:24 |
| **13 år** | | | |
| Gustav Haugse | Gutar | Omvikdalen IL | 02:38 |
| Sondre Tveit | Gutar | Matre IL | 03:16 |
| Lene Omvik Furdal | jenter | Rosendal TL | 02:47 |
| Sandra Støle | Jenter | Herøysund IL | 03:31 |
| **14 år** | | | |
| Kristian Steinsvik | Gutar | Rosendal TL | 02:56 |
| Hanna Tvilde | Jenter | Uskedal IL | 02:32 |
| Thea Soltveit Taranger | Jenter | Uskedal IL | 02:41 |
| Amalie Hovden Rød | Jenter | Uskedal IL | 02:45 |
| Sigrid Øyre | Jenter | Rosendal TL | 02:58 |
| **16 år** | | | |
| Cristoffer Støle | Gutar | Herøysund IL | 04:07 |
| Kari Eide | Jenter | Rosendal TL | 03:41 |
| **17 år** | | | |
| Kristine Tveit | Damer | Uskedal IL | 02:47 |
| **18-19 år** | | | |
| Jonas A. Mehl | Mann | Rosendal TL | 03:48 |
| Henrik Bauge | Mann | Rosendal TL | 08:24 |
| **20-22 år** | | | |
| Eslmere Yokob | Mann | Rosendal TL | 08:51 |
| Semereab Beyene | Mann | Rosendal TL | 09:18 |
| Benjamin Hus Ripel | Mann | Rosendal TL | 09:19 |
| Awet C | Mann | Rosendal TL | Brutt |
| **23-34 år** | | | |
| Adel Mesluh | Mann | Rosendal TL | Brutt |
| Sindre Omvik | Menn | Rosendal TL | 07:33 |
| Johannes Heien | Menn | IL Ternen | 08:18 |
| **35-39 år** | | | |
| Johanna Aggvin | Damer | Gular | 10:42 |
| Anne Myklebust | Damer | Uskedal IL | 12:00 |
| Ragnhild Kvandal Løland | Damer | Herøysund IL | 12:59 |
| Knut Olav Myklebust | Menn | Uskedal IL | 09:42 |
| Morten Gravdal | Menn | IL Ternen | 09:46 |
| **40-44 år** | | | |
| Lars Ove Seglem | Mann | Rosendal TL | 10:24 |
| Terje Aggvin | Menn | Gular | 07:42 |
| Stig Berge-Soldal | Menn | Uskedal IL | 09:58 |
| **45-49 år** | | | |
| Jostein Saghaug | Menn | Uskedal IL | 10:48 |
| **50-54 år** | | | |
| Hildegunn Håland | Dame | IL Trio | 10:26 |
| Dagny Ljostveit | Damer | Ingen | 13:56 |
| **60-64 år** | | | |
| Kurt Haugland | Menn | Uskedal IL | 11:15 |
| Steinar Kroka | Menn | Uskedal IL | 12:12 |

### 8-9 ÅR BORN UTAN TID

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Håvard Gravdal | IL Ternen | Simon Musland | Uskedal IL | Anna Naterstad | Herøysund IL |
| Eimund Kolle | Herøysund IL | Sondre Saghaug Kjerpeseth | Uskedal IL | Emilie Sandvik Aaseth | Omvikdalen IL |
| Petter Myklebust | Uskedal IL | William Samland Eik | Uskedal IL | Bettina Øye Guddal | Rosendal TL |
| Tord Hatteberg | Rosendal TL | Maria Trovik | Rosendal TL | Elina Naterstad | Rosendal TL |
| Fillip Fureseth | Haugesund | Frøya S. Hatteberg | Rosendal TL | Emily Musland-Massey | Rosendal TL |
| Joakim Sundal | Omvikdalen IL | Helene Hansen | Omvikdalen IL | Ingeborg Myklebust Skjelnes | Rosendal TL |
| Sindre Sundal | Omvikdalen IL | Maren Seglem | Rosendal TL | Signe Hestad | Rosendal TL |
| Sivert Gjuvsland Riise | Omvikdalen IL | Jhalaica Guddal | Ingen | Linnea Myklebust Ripel | Uskedal IL |
| Emil Thunold-Gausvik | Rosendal TL | Astrid Lovise Dommersnes | Rosendal TL | | |
| Amund Hella Berge-Soldal | Uskedal IL | Helene Emmerhoff | Halsnøy IL | | |
| Andre Øvstebø | Uskedal IL | Ingrid Margrete Eik Arnevik | Halsnøy IL | | |

Abonnent: Jostein Hatteberg - Abonnentsnummer: 251461





Kasper Helland sender av garde eit skot for Trio Valen i kampen mot Trio Husnes i G08-klassen.

# Fotball i sol og snø

**Den første cupen med utefotball for dei yngste fotballspelarane i Kvinnherad blei spela på laurdag, med sol og snø om einannan.**

Det plar vera årvisst at gutar og jenter i alderen seks til ni år har den første spretten med kampar på grusbanen i Herøysundet. Sjølv om det var blodig alvor for somme, var det mest leik, moro og uhøgtidleg kappestrid denne dagen. Og trass i vekslinga mellom snøbyger og varmande sol, var høgdepunktet for mange premien dei fekk etterpå.

Håvard Sætrevik
haavard@grenda.no



Dennis Solheim Markhus fyrer laus for Trio Valen i oppgjeret mot Trio Husnes i G08-klassen.



Tette oppgjer prega minicupen. Heimelaget Herøysund mot Halsnøy i G07-klassen var ikkje noko unnatak.



Det var snødrev og sol om ein annan under minicupen. Utan at det la noko dempar på humør eller innsats då åtteårsjentene frå Uskedalen og Herøysund møttest til kamp.

# Stygg smell for Halsnøy

**Halsnøy scora først, men måtte reisa slukøyra heim frå Bergen etter eit 5-1-tap mot Flaktveit søndag.**

Blå- og gultrøyene til Kjell Henning Berntsen og Jan Helland fekk ein strålande start på søndagens bortekamp i Bergen. Fem minutt ut i omgangen hamna eit frispark frå Dan Greger Våge i beina på Martin Lygre, som usjølvisk serverte Mats Paulsen kampens første scoring.

